



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Håvard Rød, 5557 2143

Vår dato
03.09.2014
Dykkar dato

Vår referanse
2014/10604
Dykkar referanse

Kommunane i Hordaland

Nordhordland Utviklingsselskap IKS, Postboks 13, 5902 Isdalstø
Hardangerrådet, Postboks 78, 5782 Kinsarvik
Regionrådet Vest, Postboks 184, 5342 Straume
Samarbeidsrådet for Sunnhordland, Postboks 444, 5403 Stord

Skjønsmidler til fornyings- og utviklingsprosjekt i kommunane - 2014

Fylkesmannen har i brev av 22.04. d.å. invitert kommunane til å søkje om skjønsmidler til fornyings- og utviklingsprosjekt. Prosjektmidlane er ein del av skjønsmidlane, som inngår i rammeoverføring. Fylkesmannen har tidlegare fordelt kr. 113,8 mill. av den samla skjønnsramma på kr. 137,5 mill. i fylket for i år.

Av den delen av skjønsmidlane som står att (kr. 23,7 mill.), blir no kr.16,7 mill. fordelt som prosjektmidler til fornying- og utviklingsprosjekt i kommunane. Fordelinga av prosjektmidler er gjort etter at Fylkesmannen har motteke til saman 61 søknader frå kommunane. Samla søknadsbeløp er kr. 32 ½ mill.

I vårt brev av 22.04.d .å. er det gjort nærare greie for ny prosess i samband med tildelinga. Regionråda har no fått ei koordinerande rolle i samband med søknadsprosessen og rapporteringa, for å få til ei sterkare interkommunal forankring på høgt politisk nivå, også med sikte på prioritering mellom søknader og prosjekt.

Vi har i tildelinga i stor grad bygd på regionråda sine prioriteringar mellom prosjekt-søknadene.

Fylkesmannen legg elles til grunn følgjande ved tildelinga av skjønsmidler til fornying og utvikling:

- i første rekkje tilskot til utviklingsarbeid når dette blir organisert gjennom interkommunalt samarbeid
- kommunane må sjølv delta økonomisk eller med arbeid. Hovudregelen er at skjønsmidlane ikkje skal utgjere meir enn 50 prosent av kostnadene
- det skal ikkje vere eit årleg tilskot over ein lengre periode. Det skal først og fremst vere tilskot i samband med oppstarting
- det blir ikkje gitt tilskot når hovudføremålet er næringsutvikling.

Det er i samsvar med Kommunal- og moderniseringsdepartementet sine retningslinjer.

Vedlagt følger oversyn over dei tiltaka som får prosjektmidlar i år. Oversynet blir lagt på heimesida vår under «Kommunal fornying». Her vil vi etter kvart også presentere nærare nokre av prosjekta som har motteke tilskot.

Innan 01.februar 2015 ber vi alle som er tildelt midlar gi tilbakemelding om det som er gjort og korleis midlane er brukte. Fylkesmannen vil leggje ut ein mal for tilbakemelding på heimesida.

Vi ønskjer lukke til med prosjekta !

Med helsing

Lars Sponheim

Rune Fjeld
ass. fylkesmann

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg